

Norges Vassdrags- og energidirektorat  
Konsesjonsavdelinga – Seksjon for småkraftverk  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Att: **Tonje Aars Grønbech**

## **Konsesjonssøknad Elde kraftverk – kommentarer og tilsvar på merknader**

### **Bakgrunn**

Elde Kraftverk (selskap under stifting) har søkt om løyve til utbygging av eit småkraftverk i Eldeelva. Utbygginga gjelde ei elvestrekning som rører fallrettane til tre bruk. Om tiltaket får konsesjon skal det stiftast eit elveeigarlag og det er vedteke ei bindande bruksordning for elvestrekninga som skal legge til rette for å nytte fallrettane til kraftproduksjon. Elveeigarlaget skal leige ut fallrettane til eit ansvarleg driftsselskap (Elde Kraftverk) og kvar eigar har rett til å delta i driftsselskapet med ein andel som svarer til storleiken av fallretten. Driftsselskapet vil, i tråd med bruksordninga, inngå avtaler med elveeigarlaget om leige av fallrettar og grunnareal som trengs for å gjennomføre utbygginga.

Tiltakshaver har motteke 8 uttalelser i samband med høyring av søknaden. Nedanfor følger eit samandrag av fråsegnene og tiltakshaver sine kommentarer.

### **Inkomne fråsegner til søknaden og tilsvar frå søkjar**

#### **1. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane**

*I fylgje Fylkesmannen er det store naturverdiar knytte til Eldeelva, som det til ein viss grad er teke omsyn til dette ved planlegginga. Eldeelva er eit viktig ålevassdrag, og dei viktigaste leveområda i vassdraget ligg ovanfor der inntaket er planlagt. Ei utbygging slik den er planlagt vil også redusere vassføringa på delar av anadrom strekning.*

*Isolert sett vil Fylkesmannen likevel ikkje rå frå at det vert gjeve konsesjon til Eldeelva kraftverk, under følgjande føresetnader: 1) Vassføringa må vere tilstrekkeleg til å sikre vandringa for ålen i heile vassdraget opp til Otravatnet. 2) Det må stillast konkrete krav om ytterlegare tilrettelegging for å sikre både opp- og nedvandring av ål forbi inntaket, og det må nyttast kvalifisert fagkompetanse til dette arbeidet. 3) Avlaupet frå kraftstasjonen må etablerast ved eller ovanfor vandringshinder for anadrom fisk (kote 20).*

#### **Tilsvar:**

Tiltakshaver har føreslege mange avbøtande tiltak med omsyn til ål og anadrom fisk; så som Coanda-inntak og ålerenner; og er innstilt å følgje innstillinga frå Fylkesmannen om å flytte avløpet til kote 20. Flytting av avløpet vil bety ein auka kostnad med omsyn på tilkomstveg. Tiltaket reduserer fallhøgda med 9 meter, noko som reduserer ytelsen til kraftverket til ca 1000 kW. Samla sett betyr dette at lønsemda til kraftverket blir noko svekka. For å kompensere for dette søkjer Tiltakshaver difor om å auke maksimal slukeevne frå 1150 til 1250 l/s (til 165 % av middelvassføringa). Minimum slukeevne på 50 l/s vil ligge fast. Auke i slukeevnen vil oppretthalde ytelsen og energiproduksjonen og vil bare ha avgrensa verknad på restvassføring i flaumperioder.

#### **2. Sogn og Fjordane Turlag**

*Turlaget uttaler at kraftutbyggingsinngrepa berre råkar den nedste delen av dalen der det er ein del andre inngrep frå før, og sidan dei høgreliggande delane av dalen ikkje vert påverka, reknar*

vi ikkje konfliktane med friluftslivet som så store at det gir oss god nok grunn til å gå mot utbygginga.

**Tilsvar:**

Ingen merknader.

**3. Bremanger kommune**

*I sitt vedtak om søknaden seier kommunen at konsesjonshandsaminga bør leggje vekt på ei totalvurdering av kraftproduksjon og utbyggingspotensiale i kommunen og regionen, sumverknader av slike tiltak for landskap og miljø, samanstilt med fordelene i høve styrking av næring lokalt. Ved evt konsesjon må det setjast vilkår om etablering og forsvarleg drift av avbøtande tiltak; omlaupsventil i kraftstasjon, Coandainntak, åle-leiarar ved inntak, og predatorsikre hekkedasser for fossefall langs vassdraget. Kommunen ynskjer detaljplan for landskap og miljø tilsend når denne ligg føre, for kommunen si handsaming av dispensasjon frå gjeldande arealplan, føremål landbruk-, natur- og friluftsområde.*

**Tilsvar:**

Utbygginga representerer beskjedne inngrep og med avbøtande tiltak som omsøkt, vil tiltaket ha lågt konfliktnivå i høve naturinteresser og bare i beskjeden grad bidra til sumverknader. For gardsdrifta og eksisterande busetnad på Elde vil utbygginga styrke grunnlaget for dette.

**4. Statens Vegvesen**

*Statens vegvesen har ingen merknader til prosjekta, men minner om reglane i samband med ny eller utvida bruk av avkøyrsløp, byggegrense og graveløyve.*

**Tilsvar:**

Omsynet til desse temaene vil verte ivareteke i detaljplanlegginga.

**5. SFE Nett**

*SFE Nett uttaler at Elde kraftverk kan knytast til dagens nett mot Rugsund utan særskilde tiltak, føresett at Ålfoten transformatorstasjon er ferdig.*

**Tilsvar:**

At Elde kraftverk kan knyte seg til eksisterande nett utan krav om anleggsbidrag er svært positivt for prosjektet.

**6. Direktoratet for mineralforvaltning**

*Direktoratet har ingen merknader til søknaden. Det er ingen konflikt med rettigheter eller mineralforekomster.*

**Tilsvar:**

Ingen merknader.

**7. Einar Elde**

*Einar Elde, Marie Dombestein og Martin Elde går imot utbygginga av omsyn til naturverdiane i vassdraget og dei ynskjer heller ikkje at gnr 94 bnr 1 og 3 sine fallrettarskal nyttast til kraftproduksjon.*

**Tilsvar:**

I utgangspunkte var det søkjar sin tanke at fallrettseigarane skulle bygge ut i lag med andel rekna etter bruka sin skyld, men dette ville ikkje gnr 94 bnr 1 og 3 vere med på. Etter sak i

jordskifteretten vart det stadfesta at Monrad Elde kan bygge ut åleine der han leiger fallrettane til dei andre.

Det er beklageleg at eit positivt initiativ eventuelt skaper splid i bygda, men tiltakshaver meiner at dette er tilført av 94/1 og 3 som ikkje godtok dom i jordskifteretten, men anka den til lagmansretten der dei tapte saka, og høgsterett har avist at saka kan fremjast der. Tiltakshaver vil fremje at det synst at det er eit greit forhold mellom gardane med omsyn til det vi har felles; hjortejakt og skogsveien.

Det må og nemnast at Einar Elde som har køyrt sak mot Monrad Elde, ikkje bur på garden men bur i Førde.

Tiltakshaver meiner og at siden det offentlige har verna store deler av Eldedalen, bør dei fastbuande få nytte den delen av elva som ikkje er verna til verdiskaping, slik at det kan gje grunnleg til fortsatt busetnad på Elde.

### **8. Knut Elde**

*Knut Elde, eigar av gnr 94/2 uttaler at han er imot at det vert gjeve konsesjon til utbygging av Eldeelva som fylgje av den samla negative verknaden dette vil ha på gnr 94 bnr 2. Dersom det vert gjeve konsesjon må stasjonen plasserast slik at 94/2 ikkje vert påført støy eller andre ulemper knytt til utbygginga, samt at heile den anadrome delen av Eldeelva vert ivareteke.*

### **Tilsvar:**

Når det gjeld støy, vil det bli gjort nødvendige tiltak for å hindre at støy frå kraftstasjonen overstig anbefalte støygrensar. Både for gnr 94 bnr 2 og andre direkte berørte. Mellom anna vil opning for kjølevifter i kraftstasjonen plasserast på vegg som vender vekk frå busetnaden. I tillegg vil flytting av avløpet til kote 20 auke avstanden til bolighuset på 94/2 og soleis redusere eventuelle konflikter som blir nemnd i brevet frå Knut Elde.

Tiltakshaver vil med dette hevde at han strekker seg langt for å få lys i huset på 94/2, som har stått mørkt og tomt i 30 år.

For å halde orden på tilhøva mellom rettighetshavarane, skal det ved ei evetull utbygging lagast avtale mellom utbyggingsselskapet og alle grunneigarane om bruk av vegen. Det skal og stiftast eit elveigarlag som ivaretek tilhøvet mellom fallretshavarane og utleige av fallrettar til utbyggingsselskapet, slik det er bestemt i dom i jordskifteretten.

For å føre vidare drifta av garden og i framtida ha «lys i husa» er det viktig å ha ei tilleggsinntekt frå kraftproduksjon.

Med helsing

Elde Kraftverk (sus)

Monrad Elde